# Intensjonskunngjering knytt til overgang Acos Websak 9+

IKT Nordfjord med kommunane Bremanger, Kinn, Gloppen Stad og Stryn har til intensjon å inngå kontrakt med Acos AS for oppgradering av noverande WebSak versjon 8.14 til WebSak versjon 9, jf. anskaffelsesforskriften (FOA) § 13-4 (b) nr. 2. Denne oppgraderinga vil mellom anna medføre at all drift og alle funksjonar, inkludert tilhøyrande modular, vil føregå i ei skybasert plattform drifta av Acos AS, til skilnad frå dagens løysing der systemet er lagra lokalt hos IT Driftssenteret Nordfjordnett/IKT Nordfjord.

Noverande WebSak-løysing er varsla End-of-life frå 1.januar 2027. Fram til 1.januar 2027 vil WebSak 8.14 berre kunne ta i mot sikkerhetspatchar for kritiske feil. Det vil ikkje bli utvikla ny funksjonalitet eller gjennomført endringsønskjer i denne perioden.

Knytt til den den teknologiske sikkerheita rundt rammeverket Microsoft.NET 8 er det varsla End-of-life allereie frå og med 10.november 2026.
Etter denne datoen opphøyrer sikkerheitsoppdateringane frå Microsoft- noko som vil utgjere ein betydeleg risiko for on-prem løysinga versjon 8.14.
EU har vedteket Cyber Resilience Act (CRA), som stiller særs strenge krav til sikkerheit, dokumentasjon og sårbarheit handtering gjennom heile produktet si levetid. For å kunne møte disse nye krava og garantere den sikkerheita vi som tenesteytarar og forvaltarar i offentleg kunde krev, er det naudsynt å oppgradere til versjon 9 raskt.

Den knappe tida som står att før End-of-life trer i kraft gjer det er umogleg for våre kommunar gjennomføre ein konkurranse etter anskaffelsesregelverket, og samtidig sikre kommunane i samarbeidet eit sikker nok løysing med omsyn til den store sikkerheitsrisikoen det medfører å fortsetje på on-prem løysinga.

Konkurranse er på bakgrunn av dette «umogleg av tekniske årsaker», og vilkåra for å gjennomføre anskaffing utan konkurranse er oppfylt, jf. FOA § 13-4 (b) nr. 2. Kommunane Bremanger, Kinn, Gloppen, Stad og Stryn(IKT Nordfjord) vil inngå kontrakt med Acos AS for å sikre kommunen tilgang til eit velfungerande og teknisk sikkert sak- og arkivløysing utan unødig opphald.

Intensjonskunngjering vert publisert i tråd med FOA § 21-5.Motsegner på intensjon om kontraktsinngåing skal rettast Kinn kommune si anskaffingsavdeling via kommune sitt konkurransegjennomføringsverktøy innan 10 kalenderdagar rekna frå dagen etter at intensjonskunngjeringa er gjort offentleg.